



Statens vegvesen

Knut Åse
Orreveien 14
5101 EIDSVÅGNESET

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2010/199446-003


Dykkar referanse:

Vår dato:
16.10.2014

Uttale - Nabovarsel - Terrasse - Litlebergen - gnr. 26 bnr. 1 - Frekhaug - Meland kommune

Vi viser til nabovarsel motteke 13.10.2014.

Varselet gjeld terrasse i tilknytning til bustadhus. Det følger ikkje med oversiktskart som viser kva hus varselet gjeld. Vi legg til grunn at det gjeld bygget som er ringa inn i kartutsnittet nedanfor:



Deler av dette bygget ligg innanfor byggegrensa langs fv 245 Ådlandsvegen i reguleringsplan for Litlebergen (plan 125620060004). I reguleringsplan for Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset (plan 125620070004) ligg eksisterande bygg tett inntil planlagt utvida fylkesveganlegg.

Statens vegvesen vil motsetje seg etablering av terrasse nærare fv 245 enn byggegrensa i reguleringsplan for Litlebergen. Ein terrasse her vil kome svært nær det utvida fylkesveganlegget som er regulert i plan for Fv245 frå Hatleberget til Skarpeneset, og kan vanskeleggjere arbeidet med å utbetre vegen.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Kartutsnitt frå reguleringsplanar.

Vegvesenet er også kritiske til om ein terrasse som vender ut mot vegen her vil vere eit eigna uteopphaldsareal, då dette er eit område utsett for vegtrafikkstøy, jamfør støyvarselkart¹ for Meland kommune.



Utsnitt frå støyvarselkart.

Førehandsuttale

Dersom det vert søkt kommunen om dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplan for Litlebergen, kan dette brevet leggest til grunn som ein førehandsuttale der Statens vegvesen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon frå byggegrensa.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)

1

http://www.vegvesen.no/_attachment/193088/binary/375385?fast_title=St%C3%B8yvarselkart+Meland+A0+%281+MB%29.pdf